

Avløp – tilsyn med små avløpsanlegg

Om kommunens tilsynsrolle - forureiningsforskrifta kapittel 12

Anette Heggøy, senioringeniør

Miljøavdelinga, seksjon for forureining



Statsforvaltaren i Vestland



21.12.2022



Agenda

- Om regelverket, nasjonale føringar og kva forventningar vi har til kommunen sitt tilsynsarbeid når det gjeld spreidd avløp
- Om korleis kommunane i Vestland jobber med spreidd avløp og tilsyn i dag
- Om korleis tilsynsarbeidet kan bli betre, og kva verktøy kommunen har tilgjengeleg for å betre tilsynsarbeidet sitt



Forureiningsforskrifta kapittel 12

– kommunen si rolle

Kommunene er styresmakt etter forureiningsforskrifta kapittel 12, jf. § 12-2

- Har myndigheit til å **gje løyve til utslepp** for avløpsanlegg omfatta av kapittel 12
- Kommunen har også ei plikt til å **føre tilsyn** med at utsleppa i kommunen er i samsvar med krav i forskrifta og i utsleppsløyva, jf. forureiningsforskrifta § 12-2 og forureiningslova § 48



Figur 4-3: Figur som viser at tilsynsarbeidet omfatter kontroll av eksisterende anlegg og prosessen med oppgradering av disse, samt kontroll av nye anlegg – for deretter å starte på nytt igjen.



Nasjonale føringar av 19.mars 2019*

Kommunene skal

- ***kartlegge og følge opp utslipp fra avløpsanlegg som de er myndighet for.***
- ***gi pålegg om tiltak for anlegg som ikke overholder rensekrav gitt i tillatelser etter 1.1.2007***
- ***sette i verk tiltak for å sørge for at utslipp etablert før 1.1.2007 blir renset i tråd med rensekravene i forurensningsforskriften kapittel 12 og 13***

Innsatsen bør først prioriteres i nedbørsfelt til vannforekomster som er påvirket av utslipp av avløpsvann og som har dårligere enn god tilstand og/eller har viktige brukerinteresser

Målsetning er at alle anlegg skal oppfylle forurensningsforskriftens rensekrav slik at miljømålene i vannforskriften kan nås innen 2027, og senest innen 2033.

* Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av de regionale vannforvaltningsplanene – brev fra klima og miljødepartementet til vannregionmyndighetene 19. mars 2019



Korleis jobbar kommunane i Vestland med dette i dag?

Funn i Statsforvaltaren sin kommunetilsynsaksjon i 2022

- Alle kommunane gjennomførte tilsyn av spreidd avløp i eit visst omfang
- Alle kommunane har rutinar for gjennomgang av tømmerapportar for slamavskillarar og servicerapportar frå minireinseanlegg
- Alle kommunane følger opp avløpsanlegg i samband med innkomne byggesaker
- Alle kommunane følger opp avløpsanlegg ved klager (lite omfang)

Manglar:

- Ingen av kommunane hadde tilsynsaktivitet som inkluderte systematiske, jevnlege fysiske kontrollar
- Ingen av kommunane hadde laga seg oversikter/kart som samanstillar plassering av avløpsanlegg i høve til resipient, og miljøtilstanden i resipient
- Ingen av kommunane hadde ein systematisk plan eller konkrete målsettingar for korleis dei jobbar med tilsyn
- Ingen av kommunane hadde planar eller målsettingar for korleis dei skal jobbe med å få oppgradert avløpsanlegga til dagens forskriftskrav og korleis dette arbeidet inngår i arbeidet med å nå miljømåla i resipientane



Forventningar til tilsynsaktiviteten i kommunen

- **Tilsynsaktiviteten bør vere målretta**
 - kommunen bør definere konkrete målsettingar for sitt tilsynsarbeid.
 - Målsettingane bør vere forankra i miljømål for vassførekomster og målsettingar knytt til brukarinteresser
- **Tilsynsaktiviteten bør vere risikobasert**
 - Anlegga der det er størst sannsyn for at anlegga ikkje er i samsvar med regelverket, og der miljøkonsekvensen av regelverksbrudd er størst bør prioriterast først.
 - Viser også til dei nasjonale føringane om å prioritere nedbørsfelt til vannforekomster som er påvirka av utslepp av avløpsvatn og som har dårlegare enn god tilstand og/eller har viktige brukarinteresser
- **Tilsynsaktiviteten bør vere systematisk og planmessig**
 - Kommunen bør utarbeide ein årleg tilsynsplan som er forankra i kommuneleiinga



Korleis kome i gang?

- Gjennomføre tilstandskartlegging
 - Skaffe oversikt over alle avløpsutslepp
 - Lokasjon
 - Har anlegga løyve, og kor gammalt er løyvet?
 - Alder på anlegget
 - Type anlegg
 - Skaffe oversikt over resipientane (skrivebordsarbeid, evt. nye resipientgranskingar)
 - Kva miljøtilstand har resipientane, kva for resipientar er lengst frå god tilstand, eller mest sårbare for utslepp? Ta også forurensningskjelder med i vurderinga (kva er totalbelastninga?)
 - Kva resipientar har viktige brukarinteresser knytt til seg?
- Resultatet av kartlegginga vil legge grunnlaget for prioriteringar og utarbeiding av strategiar og planar for tilsyns/oppryddingsarbeidet, samt avsetting av nødvendige ressursar.






Foto: Vann-nett.no. Til venstre: «paverknad driver» - urban utvikling. Til høyre: Klassifisering økologisk tilstand



Tilsynssoner i Narvik kommune



Organisering og prioritering av tilsynssoner
Pr oktober 2020 er tilsyn gjennomført i sone 1, 4, 5, 8 og 7 i «gamle Narvik». I sone 9, 14 og 15 er det ingen eideparlegg og det vil like bli gjennomført tilsyn.



Tilsynsplan

- Utarbeidast på bakgrunn av kartlegginga
- Planen bør vere langsiktig men med plan for årleg omfang
- Bør omtale:
 - Målsettingar for arbeidet (jf. vassforskrifta, brukarinteresser etc),
 - Prioriteringar for arbeidet
 - Korleis arbeidet skal gjennomførast – kven, kvar, når, korleis
 - Hovudføring - alle anlegg skal ha tilsyn minst kvart 6. år.
 - Rutinar for rapportering av utførte kontrollar
- Planen bør vere implementert i kommunen sin interkontroll/kvalitetssystem
- Planen bør vere forankra i kommuneleiinga- planen dannar grunnlag for avsetting av ressursar, kompetanse, prioritering av ressursar



Forankring i kommuneleiinga og kommunestyret

- Tilsynsplan bør vere forankra i kommuneleiinga
- Ein kommunedelplan/temaplan for avløp med tydelege målsettingar og tiltak kan vere til hjelp for forankring hos kommuneleiing og politikarar
- Lokal forskrift som erstattar deler av forureiningsforskrifta kapittel 12 – kan sette egne føringar for kva område som skal ha strengare reinsekrav
- Gebyrforskrift etter § 11-4 kan vedtas for å sikre nødvendige ressursar for å få jobben gjort.



Finansiering

- **Ikkje** høve til å bruke VA-gebyr (etter Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forureiningsforskrifta kapittel 16) til oppfølging av spreidd avløp.
- **Kan vedta lokal forskrift om kontroll- og saksbehandlingsgebyr med heimel i forureiningsforskrifta § 11-4**
- Årsgebyr eller gebyr for enkelttilsyn
- Gebyra kan ikkje samla overstige kommunens kostnader
- Norsk Vann har utarbeida ein ny rettleiar for utarbeiding av slike forskrifter (A 267 Veiledning for å utarbeide kommunale forskrifter om avløp)
- Ein finn også meir om gebyrforskrifter på Miljødirektoratet sine nettsider



Oppsummering

- Spreidd avløp er ein av dei viktigaste forureiningskjeldene til vassførekomster og spesielt ferskvatnførekomster
- Kommunen har derfor med sine oppgåver som forureiningsstyresmakt ei svært viktig rolle i arbeidet med å nå miljømåla i vassforskrifta i 2027
- Det er viktig at kommunen kjem i gang med eit målretta og planmessig tilsyns- og oppryddingsarbeid for spreidd avløp:
 - Få oversikt over anlegg og resipientar
 - Utarbeid målsettingar og planar for arbeidet og få dette forankra i kommuneleiinga og politisk
 - Sikre finansiering gjennom lokale gebyrforskrifter



Aktuell rettleiing

- Om kommunens roller og ansvar på avløpsområdet:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/avlop/for-myndigheter/saksbehandling/roller-og-ansvar-pa-avlopsområdet/kommunens-myndighet-og-plikt/>

- Om planlegging og gjennomføring av tilsyn med kapittel 12 anlegg:

Norsk Vann Rapport 184_2011 – Tilsyn med utslipp fra avløpsanlegg innen kommunens myndighetsområde, https://va-kompetanse.no/wp-content/uploads/rapport184_2011.pdf

- Om lokale forskrifter:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/avlop/for-myndigheter/saksbehandling/lage-en-lokal-forskrift-for-avlop-i-spredt-bebyggelse/>

- Om gebyr:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/avlop/for-myndigheter/saksbehandling/gebyrer-og-finansiering-for-vann-og-avlop/oversikt-over-kommunens-myndighet-og-plikt/>

<https://www.miljodirektoratet.no/regelverk/forskrifter/forurensningsforskriften/avlopsgebyr-kommentarer/>

Norsk Vann rapport om gebyr A 267 Veiledning for å utarbeide kommunale forskrifter om avløp (kun digital) | Norsk Vanns Kompetanseweb (va-kompetanse.no)

Eksempel på forskrifter [Gebyr for saksbehandling og kontroll | va-jus](#)

Hugs å bruke myndigheita dykkar! Det er berre de som kan sørge for at mindre og mellomstore avløp ikkje fører til forureining eller ulemper for innbyggjarane i kommunen dykkar.

Anette Heggøy
Senioringeniør
anheg@statsforvalteren.no



Statsforvaltaren i Vestland

Facebook @SFVestland
Twitter @SFVestland
LinkedIn @SFVestland

Abonner på nyhende www.statsforvalteren.no/vl